



Kristlaug Bjørke stillar opp også denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling ved Jane Haaranes hadde suksess med strikkekafe på Gamleskulen på den andre sida av sommarferien og no satsar dei igjen. Tysdag 1. september frå klokka 18 vert det ny strikkekafe.**

Første strikkekafe vart ein fulltreffar med over 30 frammøtte medan det ikkje møtte fram så mange då dei tok for seg den gamle teknikken pjonng.

På tysdag vil Kristlaug Bjørke frå Porselensbuo Gåver og Hobby i Rosendal stille opp med garn og oppskrifter slik ho gjorde fyrste gongen.

Ho fristar med gode tilbod og haustens nye oppskrifter frå Garnstudio.

Kristlaug har vore ein krumtapp i vellukka strikkekafear også i Omvikdalen. Tidlegare har Husfliden hatt slike arrangement på Husnes.

- Om du heklar, strikkar eller syr, er du hjarteleg velkommen til ein god drøs over handarbeidet, heiter det i invitasjonen

Sjølvsagt skal den faste kafegjengen i Gamleskulen i aksjon også denne kvelden, med servering av kaker og kaffi.

Av Ola Matti Mathisen



Over 30 møtte fram til den første strikkekafeen. Møter det enda fleire kommande tysdag? (Foto: Ola Matti Mathisen)